

Årsmelding for DNT Øygarden, 2025

1. Innleiing

DNT Øygarden har som føremål å fremje friluftsliv og naturopplevingar i vårt område. 2025 var Friluftslivets år, og vi hadde eit rikt aktivitetstilbod.

2. Styrets årsberetning

Året har vore prega av stor aktivitet med 145 arrangerte turar, 4 kurs og eit medlemstal på 1661.

Turåret starta allereie den 8. januar då Onsdagsgruppa hadde sin første tur i snøen. Tysdagsgruppa og Turboklubbane følgde på, med tilbod om tur kvar veke.

I mars starta me ei heilt ny turgruppe for hundeeigarar. Gruppa Hundevener på tur er eit flott konsept som er heilt i tråd med DNT si satsing på å ha eit rikt og inkluderande turtilbod. Dette turtilbodet vert no utvida, då Bergen og Hordaland Turlag har satt i gang prosessen med å starte ei turgruppe for hundeeigarar hjå dei óg.

For dei som ikkje deltek på våre Fellesturar, har Kystpasset vore eit godt alternativ.

Me har også fått gjennomført mykje dugnad, både i stinettverket og på Larslibua.

I 2025 kunne me feire at det var 5 år sidan det nye lokallaget vart stifta, etter ei samanslåing av tre turlag i kommunen i 2020.



Tur/Aktivitet/Kurs/Dugnad	Antall deltakarar	Kommentarar
Kom Deg Ut dag vår	206	"Heile Noreg balar" - samarbeid med kommunen. 18. Januar på Sotraplassen. Rundt 200 besøkjande og 6 frivillige.
Kom Deg Ut dag haust	86	Blomvågen. Samarbeid med Flåten og Knarvik vel. 79 besøkjande og 7 frivillige.
7-fjellsturen	15	Frå Haganes til Spjeld. 13 deltakarar, 2 turleiarar.
Opptur	369	350 deltakarar og 19 turleiarar. Arrangert i Fjellparken.
Årsmøte	41	Handsaming av ordinære årsmøtesaker. Feiring av 5 år som nytt turlag.
Ekstraordinært Årsmøte	25	Røysting over namneendring frå Sotra Øygarden Turlag til DNT Øygarden.
Foredrag med Børge Ousland	125	Foredrag på Årsmøte v/polfarar og eventyrar Børge Ousland.
Foredrag "er det forskjell på menn og kvinners friluftsliv?"	67	Foredrag v/padleinstruktør Laila Johanne Reigstad, kjend for konseptet "Feminint Friluftsliv".
Foredrag "Naturperler på Vestlandet"	122	Foredrag v/informasjonsleiar i Bergen og Hordaland Turlag; André Marton Pedersen.
Foredrag "Året ute"	28	Foredrag v/ Stine Schultz Heireng frå "Tursøstre".
Foredrag "Vegen til Mount Everest"	126	Foredrag v/Cato Risløw om jakta på seven summits.
Nærturleiarkurs	8	Tysdags- og Onsdagsgruppa.
Førstehjelpskurs for turleiarar	15	4-timars kurs i regi av Røde kors. Fokus på nærtur med senior
Førstehjelpskurs for turleiarar	9	4-timars kurs i regi av Røde kors. Fokus på nærtur med barn.
Førstehjelpskurs Turbo	18	Enkelt førstehjelpskurs i regi av Røde kors, retta mot barn. 15 deltakarar, 3 turleiarar.
Turboklubbar	636	21 aktivitetar tilsaman, begge Turboklubbane
Antall turar/aktivitetar for barn	25	Sjømat i fjøra-dagen i samarbeid med Nyttevekstforeningen og Naturvernforbundet.
Antall turar/aktivitetar for ungdom		Ingen, utanom Opptur
Antall turar/aktivitetar for voksne	140	Hundevenner på tur Vinterbading med sauna Fototur m/hobbyfotograf Alf Alden

Antall turar/aktivitetar for seniorar	1457	Tysdagsgruppa og onsdagsgruppa. Fast kvar veke frå januar til november, unntatt juli månad.
Kystpasset 2025	120.200 innsjekk/klipp	30 turpostar. Delt ut 15.000 Kystpasshefter, med eit snitt på 7 klipp per hefte. 1209 deltakarar i lista på UT.no og 15200 innsjekk i perioden 9. april til 31.12.2025
Dugnad	65	Tursti til Grana – Livets Portal Tursti Liatårnet Pyttane Tursti Bildevatnet Tursti på Åse mot Nonfjellet Tursti mot Rambua Naturleikeplassen Pardalsmyra Sponsa materiale tursti Vetten
Frivillig dagar på Sartor	400	Stand på Sartor under frivilligdagane vår og haust
Stand på Rong	303	Stand på Rong senter for medlemsrektruttering. 300 besøkjande og 3 frivillige.

Turar og kurs	Voksne		Barn/familie		Ungdom		Senior		Opne arr.	Tur-postar	Medlems-møter	Totalt
	tur	kurs	tur	kurs	tur	kurs	tur	kurs				
Antall arr.	14	4	24	0	1	0	62	0	7	30	7	149
Deltakarar	140	55	636	0	350	0	1457	0	1303	120.500	512	124.953
Deltakar-dagar	140	55	636	0	350	0	1457	0	1303	120.500	512	124.953

3. Organisasjon og frivilligheit

Styret har bestått av følgjande personar:


Verv	Navn
Leiar	Heidi Reisegg Endal
Nestleiar	Vidar Tverfjell
Sekretær	Helene Kleppe
Kasserar	Lars Bjoland
Styremedlem	Torill Algrøy
Styremedlem	Ida Rafos
Varamedlem	Laila Klemetsaune

Dugnad	Komité/styrearbeid	Turleiar/instruktør	Feltarbeid	Anna	Totalt
Aktivitetar	73	107	37	7	224
Deltakarar	157	324	65	22	568
Timar totalt	826	1556	284	88	2754

4. Medlemsutvikling

Medlemstall ved årets slutt: **1661**

Medlemsutvikling



5. Aktiviteter og arrangement

Kystpasset

Kystpasset vart lansert rett før påske. Også i 2025 var etterspørselen stor før lanseringa. Sidan påska var sein i 2025 var det fleire som spurte oss om det ikkje vart noko Kystpass i 2025. Fordelen med å lansere Kystpasset seinare enn i 2024 var at stiane var tørrare, og at det då vart mindre slitasje på sårbart terreng.

Kystpasset 2025 hadde 9 nye turmål.

Me har hatt eit godt samarbeid med kommunen i utforminga av kartutsnitta. Me hadde eit opplag på 17.000 Kystpass i 2025 (inkludert lause klippekort). Det er også mange som nyttar Kystpasset digitalt, men tala i UT-statistikken speglar ikkje det totale talet besøkjande sidan det er mange som berre sjekkar inn éin gong, eller ikkje i det heile teke, så det har vore ein nedgang på digitale innsjekk i 2025.

Me takkar alle våre sponsorar som støttar oss økonomisk. Kystpasset har blitt delt ut i alle butikkar og bensinstasjonar i kommunen. Dersom det er tomt i butikkane er det alltid mogleg å få tak i Kystpasset på Biblioteket.

Styret har vedteke å pause arbeidet med Kystpasset i 2026. Det er ein stor utgiftspost for turlaget. Me ynskjer å bruke fleire av midlane våre på fellesturar, og andre aktiviteter. I tillegg er det stort behov for nye frivillige som kan overta arbeidet med Kystpasset, og

danne ein eigen komité. Det er behov for ein grundig gjennomgang av alle turmåla me har publisert på UT.no. Dette kjem styret til å arbeide med i 2026.

Turbo Øygarden midt:

I 2025 hadde turboklubben i midtre Øygarden 8 turar frå mars til juni. Ingen turar har blitt avlyst, og det har ikkje vore nokre skadar på turane.

Det var eit varierende tal på deltakingar, og aldersgruppa var i hovudsak mellom 4-6 år. På turane var det ulike fokus/aktivitetar på ulike plassar.

Det var felles tur med turboklubben i nord til påske, elles vart det blant anna bygd fuglekasse, padla kajakk og lært litt enkelt førstehjelp.

Det var mykje leik på tvers og barna vart kjend med nye venner. Me såg at fleire kom att og vil være med på tur. Det er kjekt!

Turboklubben i midtre Øygarden er satt på pause då det manglar turleiarar. Det var derfor ikkje turprogram for hausten 2025.



Turboklubben Øygarden Nord:

Turboklubben i nordre del av Øygarden starta med turar i mars. Med god planlegging vart det "torsdagsturar" annakvar veke. Vi har i 2025 hatt 15 gjennomførte turar, og 1 avlyst grunna vêrforhold. I løpet av desse turane er det ingen registrerte uhell.

Turboklubben Øygarden Nord er for barn i alderen 4-8 år og foreldre. Turboane har vore på turar i ulike områder nord i kommunen, både i skog og ved fjøra. Av aktiviteter hadde vi turbingo, påskeeggjakt, bål og frilek. Vi arrangerte også eit førstehjelpskurs, der små og store fekk lære enkel førstehjelp av Røde Kors hjelpekorps. Vi avslutta året i Eventyrskogen med Turbo som kom på besøk med med snopeposer, jakta etter julepynt, og serverte riskrem til dei som ville ha. Det har vore stor pågang til turane dette året, så vi auka antall barn frå ti til maks femten på turane. Gjennom året har turane blitt leia av to turleiarar, samt kontaktperson for turboklubben som "reserve". Vi har fleire føresette som står for tur til å ta turleiarkurs, og vi håpar på at desse blir klare som turleiarar i starten av 2026.



Hundevenner på tur 2025

Etter ein gjennomgang av generelle vilkår for fellesturar, vart vi merksam på at det ikkje var lov å ha med hund på organiserte fellesturar. Etter Corona-perioden, har det vore ei enorm auke i antall husstandar med hund, så vi vart einige om at det var feil å skulle ekskludere alle desse. Slik vart ideen om ei ny turgruppe danna. Den nye turgruppa Hundevenner på tur vart ein stor suksess frå vår første aktivitet i mars, og det har tidvis vore venteliste grunna tak på antall hunder som kunne delta.

Det meldte seg på folk med hundar i alle storleiker og aldre. Folk har kome langvegs frå, til dømes Åsane, Midtun og Laksevåg. Dette syner oss at det var eit etterlengta tilbod. På alle turane har vi også hatt med folk utan hund. Me har blitt orientert om at folk har meldt seg ut av DNT då dei fekk hund, men som no har meldt seg inn igjen. Vi har hatt turar kvar månad med unntak av juni, til saman 9 turar. Det har vore nær fullbooka dei fleste gongane, men med nokre avmeldingar rett før tur. På samtlege turar har opplegget fungert optimalt, utan nokre uønska hendingar. Ved turslutt har tilbakemeldingane vore udelt positive. På turen i oktober opna me opp for å auke antall hunder, og det gjekk strålande. Hittil har turane vore i nordre delen av kommunen. Dette fordi det er der turleiarane har tilknytning og best kjennskap til turløypene, men óg fordi det er svært lite/ingen hoggorm der.

Det er ønskjeleg med fleire turleiarar, både for å auke antal turar, og for betre spreieing av tilbodet i vår langstrakte kommune. Turleiarane set opp eige turleiarkurs retta mot hund, i samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag.

Takk til to- og firbeinte for fine opplevingar. Hugs at alle er hjarteleg velkomne på desse fellesturane, med eller utan hund.



Tysdagsgruppa

Turåret starta 11. februar og siste tur var 18. november. Det har blitt arrangert 28 turar i 2025.

Dei fleste turane var i Øygarden kommune. Vi hadde to turar utafor kommunen, til Askøy og Austevoll. Alle turane vart gjennomført som planlagt, med tilsaman 520 deltakarar.

Dei mest populære turane var turen til Sotra Arena og Forland rundt. Avslutningane vår og haust var i Bekkjarvik saman med Onsdagsgruppa og på Glesvær. På Glesvær fekk vi servert deilig fiskesuppe.

Det har vore sju samlingar for turleiarane.

Fire turleiarar i gruppa har takka nei til å fortsetje, og gruppa har fått med nye turleiarar for komande år.

Ingen uhell registrert i 2025.

2025 har vore eit år med mange fine turar og kjekke turgåarar.



Onsdagsgruppa

Onsdagsgruppa har i 2025 gjennomført 31 turar, de fleste i Øygarden kommune. På dei fleste turane har det vore mange deltarar, nokre gongar 43-46 deltagere. Ingen uhell registrert på turane i 2025.

Sommaravslutninga hadde vi i år saman med Tysdagsgruppa, og turen gjekk til Bekkjarvik. Fin tur til Kongsen og god mat på gjestgiveriet. Juleavslutninga vart holdt på Steffistova med god mat og god underhaldning.

I mai deltok flere turleiarar på Opptur. Fleire uttrykte at dette var kjekt.

I januar deltok dei fleste turleiarane på førstehjelpskurs i regi av Røde kors.

Nye turleiarar fekk nærturleiararkurs i januar.

Turleiarane har hatt to planleggingsmøter. I tillegg har vi stått på stand på Sartor senter i samband med Frivilligdagane.

To turleiarar har slutta ellers har vi vore 9 aktive turleiarar.

Eit godt turår!



Kom deg ut-dagane

18. januar kickstarta me Friluftslivets år ved å vere medarrangør på “Heile Noreg balar” på Sotraplassen. Det var mykje vind, men me fekk fyr på bålet. Mange kom innom vår stand på Sotraplassen og fekk servert drops og grilla pølser. Vår gode grillmeister grilla 200 pølser, så det var populært.

Den 7. september tok mange turen til Kom Deg Ut-dagen i Blomvåg. Her var det aktivitetar som kastespel, ansiktsmaling, grillpølser, og turquiz med premier til både små og store. Turbo dukka også opp i finvêret, og tok ei runde med helsing før han forsvann like fort som han kom. Kiwi Ågotnes torg sponsa oss så alle fekk noko å godt å bite i.



Opptur

Onsdag 7. mai arrangerte me Opptur for alle 8.-klassingar i Øygarden kommune. Opptur er ein nasjonalt arrangement der DNT og lokale turlag inviterer alle 8.-klassingar ut på tur. I strålende maivêr gjekk fleire hundre ungdomar den 10 km lange løypa i Fjellparken, med start og slutt ved Fjell ungdomsskule. Det var quiz langs løypa, og på Fjell festning vart det servert sjokolade til alle deltakarane. I mål var det servert frukt som var sponsa av Kiwi Sund senter.

Turleiarar og frivillige frå Tysdags- og Onsdagsgruppa hjalp til både før, under og etter arrangementet. Det var til saman 15 frivillige i sving.



7-fjellsturen

Den første helga i juni gjekk den tradisjonelle 7-fjellsturen av stabelen her i Øygarden. 15 sprekingar gjekk den 22 km lange turen. Turen starta med regn og våte stiar. Etterkvart vart det sol og varmt i vêret. På den siste toppen blåste det godt, så her vart det berre ein kort stopp før me tok til på nedstigninga mot Spjeld.

Desse sju fjelltoppane vert passert under 7-fjellsturen: Høgafjellet, Liatårnet, Pyttane, Vardafjellet, Bildøyfjellet, Knappskogfjellet, Spjeldsfjellet.

For dei som hadde med Kystpasset vart det fire klipp langs turen.

Det var glatt og sleipt på fjellet, men turleiarane var dyktige og tilpassa tempoet etter forholda. Ingen vart skada. Tusen takk til turleiarane Magnar og Magnar, og til alle som deltok på turen. Den yngste deltakaren var 13 år gamal og deltok for første gong. Den eldste deltakaren har vore med på turen så mange gongar at han har kome ut av teljinga. I år vart denne turen arrangert for 32. gong.



Foredrag

Som ein del av Friluftslivets år 2025 har DNT Øygarden arrangert fleire foredrag, med fokus på forskjellige former friluftsliv. Tanken var å inspirere til, og formidle kunnskap om friluftsliv.

Børge Ousland

Første foredrag i 2025 var på Årsmøte i februar. Då hadde me fint besøk av eventyraren Børge Ousland. I meir enn 30 år har han gjennomført banebrytande ekspedisjonar som tøyser grensene for det man trudde var mogeleg. Han gjennomførte historias første soloekspedisjon til Nordpolen utan etterforsyningar, og han var den fyrste som kryssa Antarktis aleine. Han er også ein anerkjend fotograf og har motteke fleire internasjonale prisar for sine ekspedisjonar og filmar. Dette foredraget gav oss eit djupdykk i tema som eventyrlyst, planlegging, klimaendringar, entusiasme, samarbeid, - og korleis man klarar det umogelege.

Laila Johanne Reigstad – “Er det forskjell på menn og kvinners friluftsliv?”

På sjølvaste kvinnedagen inviterte vi Laila Johanne Reigstad til å halde foredrag med eit humoristisk blikk på det feminine friluftslivet.

Etter å ha levd fulltid av å guide friluftsliv i ti år i eget firma her i Øygarden, og med rundt 85 % kvinner som deltakarar på turane, har Laila Reigstad fått veldig mange spørsmål om friluftsliv frå kvinner. Basert på dette starta ho i 2024 konseptet Feminint Friluftsliv, både i form av ein app og via korte turar med opplæring i grunnleggande friluftsliv.

Me fekk servert eit latterfremmende, lærerikt og inspirerande foredrag om friluftsliv, der vi var innom både underhudsfett, trusebytte, toalettpapir, bobler, gøye organer og Lars Monsen. På slutten var det praktisk øving i å få fyr på eit stormkjøkken med tennstål.

André Marton Pedersen- “Turperler på Vestlandet”

I 2024 arrangerte me dette foredraget på Bibliotekscena. Det var svært populært, og fleire uttrykte at dei ønska at det vart satt opp eit foredrag til, så André kom tilbake til oss i mars 2025. André Marton Pedersen er informasjonsleiar i Bergen og Hordaland Turlag, og han viste oss sine heilt personlege anbefalinger til spesielle stader å besøke, og gav oss fleire morosame tips me ikkje visste at me trengte! Med fantastiske bilete og videoar tok han oss med på ei reise gjennom den spektakulære Vestlandnaturen vår.

Stine Schultz Heireng - “Året ute”

Stine Schultz Heireng er mest kjend frå “Tursøstre”. Med fantastiske bilete tok ho oss med på ei reise gjennom naturens fire årstider. Me fekk tips til korleis me kan nyte de små augeblikka og kvar me kan finne dei store opplevingane. Stine Schultz Heireng er tildelt Friluftslivsprisen, kåra til Årets Villmarking og er ein kjend ambassadør for natur og friluftsliv. Hun vart nominert til prisen Årets Nye Eventyrer for prosjektet 52 turer på 52 uker.

Cato Risløw - “Vegen til Everest - frå flatt hav til verdas tak”

Cato Risløw har hatt ein draum om å klatre alle dei høgaste fjella på kvart kontinent, også kalla seven summits. I april 2025 reiste Cato til Nepal og utfordra sitt siste fjell i målet sitt, verdens høgaste fjell; Mount Everest. Forsøket tok rundt to månader, og krevde alt han hadde av viljestyrke. Vêrforholda førte til at Cato måtte snu, berre nokre hundre meter frå toppen. Dette kloke valet resulterte i eit svært spennande foredrag som bygde opp mot augebliket der han bestemte seg for å snu. Eit foredrag om viktigheita av å setje seg mål i livet.



Sjømat i fjøra-dagen

10.mai var den nasjonale sjømat i fjøra-dagen. DNT Øygarden hadde eit arrangement på Ormhilleren i samarbeid med Nyttevekstforeningen og Naturvernforbundet. Alle deltakarane sank skjell, småkrabber, tang og tare i fjøra. Arrangørane tilberedde tarechips, strandkrabbesuppe, tangsmash, strandsnegler m.m. Det var godt oppmøte, og deltakarane uttrykte at det var ein lærerik dag.



Fototur

Seks ivrige tur- og fotoentusiaster var med på tur med kurs i natur- og friluftsfotografering. Hobbyfotograf Alf Alden fann gode motiv undervegs og instruerte den enkelte i kamerainnstillingar, samt delte generelle fototips. Det var ein kort rast ved Gløvrebu før det bar inn i den smale passasjen "Gløvro", og vidare tilbake til parkeringen. Alle var godt fornøyde med turen, og ønskjer fleire turar av same slag, men då med litt lengre varigheit.



Stands

DNT Øygarden har arrangert fleire stands i løpet av 2025. Me var med på begge frivilligdagane på Startor, og hadde base inne på senteret. I tillegg har me hatt 3 stands utanom frivilligdagane. Dette er ein fin måte å kome i kontakt med medlemar, og ikkje-medlemar for å orientere om vårt aktivitetstilbod.

Adventskalender Vetem

To frivillige arrangerte adventskalender på Vetembu. Alle som deltok sendte inn selfie av seg sjølv med dagens julekort. Det vart trekt vinnarar dagleg, og engasjementet var stort på Instagram/Facebook. Tilsaman 317 personar sendte inn bilete. Tusen takk til våre to frivillige som arrangerte denne kjekke advenstkalenderen. Eit flott initiativ for å halde friluftslivet gåande gjennom heile adventen.



Glesværløpet

DNT Øygarden stilte med TurTipp og premier under Glesværløpet som gjekk av stabelen 26. oktober. Turbomaskoten var også med.

6. Dugnad

Me har hatt eit godt samarbeid med fleire frivillige i 2025, så det har blitt utført ein del dugnad på vårt stinettverk.

Larslibua

DNT Øygarden har også i 2025 hatt tilsynsavtale med Øygarden kommune om drift av Larslibua. Tilsynsansvarleg har i møte med kommunen avtalt vidareføring av denne avtalen for ein periode på eitt år. Tilsynet har gjennom året vore utført av nokre få eldsjelar i tilsynsgruppa, og vi ønskjer oss fleire frivillige for å dele på «tilsynsturnusen». Det er mange som besøker hytta, og den blir i hovudsak godt teken vare på av besøkjande. Hytta ber noko preg av mykje besøk og noko hard handtering. Blant annet eit sidevindaug som er øydelagt. Dette vindauget er no låst i sperra stilling. Det er óg en del utfordringer i forhold til vedfyring, og bruk av ved til bålbrekking ute. Veden som er i vedlageret er meint for bruk i hytta, og ikkje ute. Dette blir diverre ikkje respektert av alle. På uteplassen har kommunen satt ein flott fellesgrill. Denne skal monterast ordentleg på plass til våren, samstundes som bålropene vil fjernast. Det er tenkt ein dugnad på hytta og uteområdet før 17.mai 2026. Hyttea må også oljast i løpet av 2026.

Grana/Livets portal

Det meste av dugnadsprosjektet vart ferdigstilt i starten av 2025, men sidan dette er eit populært turmål er det ein del slitasje på stien, og det dukkar opp nye behov for kloppar. Det gjenstår også å få laga ein informasjonstavle i starten av turen.

Pyttane - Liatårnet

Her var mange av kloppane heilt øydelagte. Frivillige har fått restaurert store delar av desse, så traséen er trygg å gå på igjen.

Bildevatnet

FMC held fram samarbeidet med DNT Øygarden og har hatt dugnad med prosjektet Ivoulenteer. Vestsida av stien rundt Bildevatnet har blitt vidare utbetra.

Tursti mot Nonfjellet

Her er det montert ei klopp på 3,2 meter. Det var behov for klopp her sidan det var 80 cm djupt i kulpen. Plassering ca 300 meter sørvest for turkassa på Nonfjellet.

Tursti Flåten til Rambua

DNT Øygarden har i samarbeid med Flåten og Knarvik vel gått i gang med å legge til rette for tursti frå Flåten til Rambua dagsturhytte over Eie. Det har blitt gjennomført fleire dugnadar med kloppbygging der, og grunneigaravtalar med DNT Øygarden er innhenta. Materialer vart dekkja av DNT Øygarden. Det viktige arbeidet med innhenting av grunneigaravtalar held fram i 2026.

Pardalsmyra

Åtte medarbeidarar i Nordic Water Products på Straume hadde ein heildags dugnad i Pardalsmyra. Éin dag i året vert dei tilsette frigjort frå sine daglege oppgåver for å bidra aktivt i sitt lokalmiljø gjennom dugnadsarbeid.

Pardalsmyra er eit flott turområde for mange, og ekstra flott og spennande for alle turboane i Turboklubben Øygarden Nord.

I løpet av dagen fekk dei fjerna restane av det øydelagte filtbelegget til ziplinen. Dei fjerna det øydelagte rekkverket ved bålterrassen, og bygde opp igjen eit nytt, solid rekkverk. I tillegg vart det øydelagte rekkverket ved ziplinen fjerna, og nytt sett opp. Kloppane i området fekk seg også ein etterlengta oppgradering. Nokon vart heva, andre vart gjort meir stabile, og i tillegg vart det bygd nokre nye. Råteskada, impregnert materiale og ni fulle sekker med rusk og rask vart frakta ut til parkeringen, og frakta vidare til miljøstasjonen.

Strandatunet bygdalag

Eitt av dei populære turmåla i kommunen er Vetten. Turlaget har også i 2025 spona delar av materiala til stinettverket rundt Vetten. Det er Strandatunet bygdalag som har stått for dugnaden her.

7. Namneendring

I april endra me namn frå Sotra Øygarden Turlag til DNT Øygarden.

Bakgrunn for namneendring

I forkant av vårt Årsmøte 2025 fekk me inn eit forslag om namneendring, frå å heite **Sotra Øygarden Turlag** til å heite **Sotra Turlag**. Forslaget var begrunna med at namnet Sotra Øygarden Turlag ikkje lenger var like aktuelt, sidan Søndagsgruppa, tidlegare Sotra-Øygarden Turlag utan DNT tilknytning hadde trekt seg frå lokallaget. Det vart vist til at namnet Øygarden Turlag ikkje kunne brukast sidan det i følgje innsendar vart gjeve avslag på dette forslaget i 2020.

Forslaget om namneendring vart drøfta i styret. Styret arbeider for å rekruttere medlemmer i heile Øygarden kommune og meinte at det var uheldig å ekskludere medlemmar nord i kommunen ved å heite Sotra Turlag, der Sotra opprinneleg ikkje var del av gamle Øygarden kommune. Styret fremja difor forslag om å endre namn til **DNT Øygarden**. Styret arbeider aktivt med å marknadsføre merkevara DNT. Å endre namnet til DNT Øygarden var også meir i tråd med BHT sin strategi 2025-2030. Styret ynskjer å fremje det arbeidet som vert gjort i DNT og vektlegge dei fire strategiske måla som er nedfelt i strategien.

Som ein del av Friluftslivets år såg med det som endå viktigare å få løfta oss fram som ein del av DNT-fellesskapet. Me ønskja difor at namneendinga skulle finne stad tidleg i Friluftslivets år. Under det ekstraordinaire Årsmøte var det 47 stemmer for å endre namnet til DNT Øygarden og 23 stemmer for å behalde namnet Sotra Øygarden turlag. Med 2/3 av stemmene for å endre namnet til DNT Øygarden vart dette utfallet av røystinga.

8. Økonomi

Sjå vedlegg rekneskap på vår heimeside, under “om oss”.

9. HMS

Ingen uhell registrert. Turleiarane er nøye med tryggleiken og risikovurderer kvar tur på førehand. Turar vert endra dersom tilhøva er for krevjane, slik at tryggleiken vert ivareteken. Alle turleiarane har gjennomført førstehjelpskurs.

10. Planar for neste år

Som nemnt tidlegare vert det pause i Kystpasset i 2026. Styret i DNT Øygarden ynskjer å arbeide vidare med desse satsningsområda:

- Utvide turgruppa "Hundevenner på tur"
- Arrangere fleire fellesturar for vaksne
- Utdanne fleire turleiarar
- Arrangere førstehjelpskurs for turleiarar som ikkje har det
- Arbeide med vedlikehald og opprydding i eksisterande turar på UT.no
- Få meir struktur på dugnadsarbeidet, ved å mellom anna arrangere dugnadskurs
- Foredrag?
- Utreie moglegheiter for DNT kysthytte(r)
- Jobbe meir mot medlemma våre: meir informasjon på heimeside og Facebook
- Vedlikehald / orden i turlagshuset
- Rekruttere fleire frivillige til Larslibua, samt dugnad i og rundt hytta

Vedlegg

Revidert regnskap og budsjett for 2025.